

**NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 6/2018, 05.06.2018**

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

REKORDMÅNAD FOR SOLCELLENE

Mai var ein god månad for solekskarar, og solcellene på taket av Berte Kanutte-huset produserte 20,849 kWh. Dette var den beste produksjonsmånaden sidan anlegget vart sette i drift i fjor sommar. 20.000 kWh tilsvarer årsforbruket for eit vanleg bustadhus. Straumproduksjonen blir formidla på infoskjermene i Berte Kanutte-huset, men du kan også gå inn på denne nettsida for å sjå status og produksjon:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

MILJØTILTAK: HUNDRETUSENAR Å SPARE PÅ TOSIDIG UTSKRIFT

Høgskuledirektøren ber tilsette om å ta utskrift på begge sider av papiret (dobbeltsidig utskrift). Dette er eit miljøtiltak for å minke forbruket av papir og er eitt av krava høgskulen bør oppfylle for å bli sertifisert som miljøfyrtårn. Dei siste åra har høgskulen kopiert mindre og mindre, medan talet på utskrifter har auka. Det samla papirforbruket er difor nokså stabilt på ca 2 millionar papirark årleg til kopiering og utskrift. Av dette er ca 1,5 millionar ark til utskrifter, så det kan vere fleire hundre tusen ark å spare på å ta tosiktig utskrift.

SEMINAR OM SKRIFTKULTUR PÅ HØGSKULEN 6.-7. JUNI

Forskargruppe for nynorsk skriftkultur arrangerer ope symposium om skriftkultur og skriftkulturforsking på Høgskulen i Volda 6.-7. juni. Målet med symposiet er å gjere opp status for skriftkulturstudiar som forskingsfelt og studiefelt, og å kaste lys over omgrepene skriftkultur i ein brei literacy-samanhang. Det er ca 10 hovudinnlegg på symposiet, og blant innleiarane er professorar og andre fagfolk både frå Høgskulen i Volda, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Søraust-Noreg og Universitetet i Stavanger. <https://www.hivolda.no/kategori/forsking-og-utvikling/symposium-om-skriftkultur-forsking>

Les meir om Forskargruppe for nynorsk skriftkultur:

<https://www.hivolda.no/forsking/forskningsgrupper/forskargruppe-nynorsk-skriftkultur>

NY BOK: NYNORSK LITTERATURHISTORIE AV JAN INGE SØRBØ

Professor Jan Inge Sørbø ved Høgskulen i Volda har i to år arbeidd med Nynorsk litteraturhistorie på oppdrag frå Det norske samlaget. Boka har no vorte lansert og fått svært god mottaking. I boka er 150 forfattarskapar representerte. Boka kjem ut i høve 150-årsjubileet til Det Norske Samlaget. Det er første gong det kjem ut ein samla presentasjon av den nynorske skjønnlitteraturen.

<https://www.hivolda.no/tilsette/ny-bok-storverk-om-nynorsk-skjonn litteratur>

URPREMIERE PÅ OPERAEN "KIMEN" AV MAGNAR AAM

Under Dei nynorske festspela i juni 2018 vert det urpremiere på operaen «Kimen» av Magnar Åm, professor II ved Høgskulen i Volda. Oppsetjinga er eit samarbeid mellom lokale regissør- og scenografkrefter, lokale kor og musikarar og store nasjonale, profesjonelle aktørar.

<https://www.hivolda.no/tilsette/ny-opera-fra-komponist-magnar-am>

PENSUMLISTENE (1): FRAMLEIS NOKRE ETTERNØLARAR

Det er diverre nokre pensumlister som framleis ikkje er publiserte. Fristen var 15. mai. Her er oversyn over emne og pensumlister hausten 2018. <https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvise/pensumlistene-2018-host>



PENSUMLISTENE (2): GODE ERFARINGAR MED LEGANTO-SYSTEMET

Høgskulen innfører gradvis Leganto som pensumliste-system. I 2019 skal alle pensumlister skrivast i Leganto. Dei som har teke i bruk Leganto har så langt gode erfaringar. Informasjon om og innlogging til Leganto på våre nettsider: <https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette>

PRAKTIK INFORMASJON TIL NYE STUDENTAR

Nye studentar ønsker å planlegge hausten allereie no, og er avhengig av veven er oppdatert med for eksempel tid for samlingar, oppmøtestad, osv. for sitt studium. Fagmiljøa må oppdatere denne og bruksanvisninga ligg under «Tilsettverktøy»: <https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette/veven>

HØGSKULESTYRET: STYREMØTE TORSDAG 7. JUNI

Høgskulestyret har siste møte før sommaren torsdag 7. juni i Kaarstad 104. Blant sakene som vil kome på dagsorden er blant anna revidering av budsjettmodellen og spørsmålet om avdelingsstruktur. Sakspapira til møtet er no lagt ut på nettsida: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/250727>

BYGGEPLANAR: FLEIRE MØTE MED RIKSPOLITIKARAR

Høgskulen har hatt fleire møte med rikspolitikarar for å informere om prosjektet og argumentere for ei eingongsløying til prosjektet Sivert Aarflot-huset. Det er i all hovudsak medieteknisk utstyr høgskulen arbeider for å få finansiert. I førre veke møtte ein delegasjon frå Høgskulen i Volda og Volda kommune opposisjonspartia i utdannings- og forskingskomiteen på Stortinget. Onsdag 6. juni møter same delegasjonen regjeringspartias fraksjon i komiteen.

SEMINAR OM HØGSKULENS I VOLDAS HISTORIE 6. SEPTEMBER 2018

Høgskulen i Volda har i åra 2019-2022 fem potensielle jubileum. Jubileum er gode høve til å gjere opp status og ettertanke - og å sjå framover. Historisk institutt vil på oppmøding frå og i samarbeid med Forskningsutvalet arrangere eit seminar om HVOs historie den 6. september 2018. Meir informasjon om seminaret kjem seinare, men det

Les meir om dei mange potensielle jubilea på rektorbloggen:

<https://blogg.hivolda.no/jr/2016/07/14/jubileumsara-2019-2022-her-trengst-det-ei-bok-og-ein-fest/>

NY CAMPUSPLAN TIL HAUSTEN

Høgskuledirektøren vil hausten 2018 starte arbeidet med ein ny plan for utvikling av høgskuleområdet (campusutviklingsplan). Den første campusutviklingsplanen for Høgskulen i Volda kom i 2015, men etterpå har det skjedd såpass mykje at det trengst ein ny plan. Blant anna vil Sivert Aarflot-huset og Volda Campus Arena kreve planlegging av elveløp, parkeringsplassar, vegar og anna infrastruktur - midt i høgskuleområdet.

FOU-STIPEND FOR 2019

Forskningsutvalet hadde møte 4. juni og tildelte FoU-stipend (Vikarstipend) for 2019 til 10 HVO-tilsette. Tre tilsette fekk FoU-stipend som del av kvalifiseringsløp til professor/dosent: Birgitte Fondevik (AHL), Erik Fooladi (AHL) og Ellen Hovlid (AMF). Dei sju andre stipenda gjekk til: Randi Myklebust, Odd Helge Mjellem Tonheim og Svenn-Arve Myklebost (AHL). Silje Dahl og Harald Endre Tafjord (ASH). Helga Synnevåg Løvoll (AKF). Henrik Grue Bastiansen (AMF). Det hadde kome inn heile 22 søknader om FoU-stipend, dobbelt så mange som dei to siste åra.

Meir informasjon om ordninga med FoU-stipend: <https://www.hivolda.no/forsking/stotteordningar/fou-stipend>

REKORDSTOR DELTAKING OG SØKING PÅ LEIARKURS FOR HELSE- OG SOSIALTENESTENE (LiHS)

Våren 2018 vil 50 studentar gå opp til eksamen i LiHS-kurset ved Høgskulen i Volda. Det er fleire enn nokon gong før. LiHS-kursa er eit samarbeid mellom UH-institusjonane i Møre og Romsdal og alternerer mellom høgskulane i Molde og Volda og NTNU Ålesund og har halde på i 15 år. Hausten 2018 har heile 140 søkerar meldt si interesse for å ta kurset i Ålesund. Det er også fleire enn nokon gong tidlegare. <https://www.hivolda.no/hivolda/rekordstor-interesse-leiarutdanning>

PER HALSE HAR BLITT PROFESSOR

Per Halse ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning har fått opprykk til professor. Halse tok til som høgskulelektor ved Volda Lærarhøgskule i 1991. Ved sida av undervisning og forsking har han gjennom åra hatt fleire leiarverv både i og utanfor høgskolemiljøet. <https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/professor-krtle>

HVO-STUDENT VANN I KONKURRANSE MED 70 SØKJARAR

Tidlegare HVO-student Trude Furuly fekk fast jobb i NRK i konkurransen med heile 70 søkerar. Då ho var student ved HVO var Furuly blant anna leiar for Norsk Journalistlag sin klubb ved Høgskulen i Volda. Les meir om dette på våre Facebook-sider: <https://www.facebook.com/hivolda/>

NYTT FRÅ PERSONALKONTORET VED HVO

Stine Ulfstein har vorte tilsett som rådgjevar ved personalkontoret. Irene Osvoll har slutta som rådgjevar ved økonomikontoret.

HVO PÅ LANDSGJENNOMSNITTET

Nettavisa Khrono har presentert eit oversyn over forholdstalet mellom faglege og administrativt tilsette ved høgskular og universitet. Ut frå dette oversynet ligg Høgskulen i Volda på landsgjennomsnittet med ca 2,5 fagleg tilsette pr administrativt tilsett i 2017. Landsgjennomsnittet er på 2,4. Det er store skilnader mellom institusjonane i sektoren.

<https://khrono.no/uib-administrasjon-hvl/ntnu-best-i-klassen-pa-kutt-i-administrative-stillinger/225127>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018

- 6.-7.6 Symposium om skriftkultur: <https://www.hivolda.no/kategori/forsking-og-utvikling/symposium-om-skriftkultur-forsking>
- 7.6. Styremøte
4/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/250727>
- 14.6. Møte i Strategisk studienemnd:
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/290025>
- 18.6. Sommaravslutning for alle tilsette i kantina
- 21.-22.06.2018: Fjordkonferansen. NTNU Ålesund. <https://www.hivolda.no/kategori/forsking-og-utvikling/fjordkonferansen-2018>

Hausten 2018

- 14.8. Semesteropning for studieåret 2018-2019:
<https://www.hivolda.no/students%C3%B8vis/studiestart>
- 6.9. Seminar om HVO-historia
- 13.9. Styremøte
5/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

- 19.-27.9 Forskingsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/kategori/forsking-og-utvikling/forskingsdagane-2018-oppvekst>
- 26.-27.9. Karrieredagane 2018: <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2018>
- 22.-23.10. Styreseminar - styremøte
6/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO: <https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>
- 31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>
- 6.12. Styremøte
7/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Våre ledige stillingar blir lyst på nettsida nedanfor - der er det også høve til å få e-postvarsling når det blir lyst ut nye stillingar hos oss.

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN:

"Volda er for alle." 17. mai-tale i Volda sentrum.

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/05/17/volda-er-for-alle-17-mai-tale-i-volda-sentrum-2018/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggeren: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>